



Byrådssak /23

Saksframstilling

Vår referanse: 2023/66354-2

Høyring og offentlig ettersyn av forslag til Gatebruksplan for Møhlenpris

Kva saka gjeld:

Plan- og bygningsetaten (PBE) har lagt fram forslag til gatebruksplan for Møhlenpris. Gatebruksplanen er ikkje ein juridisk bindande plan etter plan- og bygningslova. Føremålet med gatebruksplanen er å avklare arealbruken og premissa for korleis gatene i området i framtida skal opparbeidast for å legge til rette for gåbyen Bergen.

Gatebruksplanen anbefaler kva for gater som bør ha trafikk og kva for gater som kan omdisponerast til annan bruk. Det blir anbefalt eit framtidig trafikkmønster med etablering av nye gatetun, og det blir gitt anbefalingar knytt til materialbruk, møblering, planting og overvassshandtering. Som del av prosjektet er det òg gjennomført ein moglegheitsstudie for etablering av bebuarparkering under Puddefjordsbroen.

Arbeidet med gatebruksplanen har vore eit samarbeidsprosjekt mellom PBE og Bymiljøetaten (BME). Det har òg vore samarbeid med andre delar av kommunen, særleg Byantikvaren, Byarkitekten, Bergen Vann og Bergen brannvesen.

Bakgrunn for prosjektet

I vedtak av Bergen kommune sin Grønn strategi frå 2016 (sak 218-16), var følgjande ein del av vedtaket, jf. punkt 11 bokstav d:

«Bergen kommune skal arbeide for å få gjennomført et forsøksprosjekt med Bilfri bydel på Møhlenpris innen utgangen av 2017. Bystyret ber også byrådet vurdere hvordan områder på Nygårdshøyden kan gjøres til bilfrie soner, og hvordan enkeltgater i hele Bergen sentrum kan prioriteres for fotgjengere og syklistene»

Dette hadde bakgrunn i strategien sine mål om å redusere personbiltrafikken i Bergen fram mot 2020 og 2030. Dette målet blei ytterlegare skjerpa i byrådsplattformen for 2019-2023.

Som ein fase 1 av prosjektet gjennomførte Bymiljøetaten ei rekkje tiltak i samband med Graveklubben sitt fornyingsprosjekt av infrastruktur under bakken, med oppstart i 2017. Tiltaka gjekk mellom anna ut på oppgradering av gater, etablering av sambruksområde, planting og møblering, etablering av bysykkelstasjon og sykkelhangarar, ny skilting, etablering av mobilpunkt for lading og bildeling og fjerning av i underkant 100 parkeringsplassar.

Prosjektet er òg forankra i årsoppdraget til Bymiljøetaten for 2020 som del av arbeidet med bilfrie soner i ulike bydelsområde. Gatebruksplanen er utarbeidd av Plan- og bygningsetaten i samarbeid med Bymiljøetaten.

Området for gatebruksplanen



Figur 1: Området for gatebruksplanen

Området for gatebruksplanen omfattar dei kommunale gatene på Møhlenpris innafor den raude avgrensinga som vist i figur 1. Området er om lag 100 dekar stort. Møhlenpris er eit sentralt bustadområde i Bergenhus bydel. Møhlenpris er eit kulturmiljø av nasjonal interesse som eit godt døme på ein bydel frå slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet, der det opphavlege gatenettet i stor grad er bevart.

Dagens køyremønster på Møhlenpris blei etablert på 1900-talet. Einaste tilkomst inn til området er via Wolffs gate, og biltrafikken i området består dermed i all hovudsak av lokaltrafikk i dag. Det er i hovudsak privatbilar og noko næringstrafikk. I dag er det 347 parkeringsplassar i området, inkludert Møhlenpris bebuaranlegg. I mai 2022 var det gitt om lag 240 parkeringsløyver i bustadsona i området.


Møhlenpris har eit finmaska gatenettverk med relativt kort gangavstand til viktige målpunkt i området og i Bergen sentrum. Det er for det meste tosidig fortau i området. Nokre av gatene har smale fortau, som blir ytterlegare snevra inn på grunn av trapper og liknande på fortauet. Mange stader er det vanskeleg å kome seg fram med rullestol utan å nytte køyrebanen. Det er fleire gatetun/sambruksgater i området. Det er ingen areal som er sett av til syklende i området i form av sykkelfelt eller sykkelveg.

Medverknad

Som del av arbeidsprosessen er det gjennomført fleire aktivitetar knytt til medverknad, mellom anna barnetråkk, og dialogmøte og tråkk/byvandring med ungdommar og

bebuargrupper. Det er òg gjennomført informasjonsmøte og arbeidsverkstad. Medverknadsprosessen så langt er oppsummert medverknadsrapport som følgjer vedlagt. **Hovudinnhaldet i forslaget til gatebruksplan og Plan- og bygninsetaten si vurdering og anbefaling:**

Forslaget til gatebruksplan viser allereie gjennomførte tiltak, og legg til rette for mindre utbetringstiltak og ein mogleg framtidig auke av areal til opphald og leik. Det er føreslått ei trinnvis utvikling av området. Alle detaljprosjekt i gatebruksplanområdet skal byggesaksbehandlast med tilhøyrande saksbehandlingskrav etter plan- og bygningslova. Gatebruksplanen er retningsgivande, men skal vere eit fleksibelt verktøy som kan tilpassast gjennom detaljprosjektering ved behov.




Figur 2: Utsnitt av illustrasjonsplan som viser forslag til gatebruksplan for Møhlenpris.

I tillegg til føringar for køyremønster, areal til gatetun/sambruksgater, parkering, varelevering og tilrettelegging for mjuke trafikantar, inneheld forslaget utformingsprinsipp for belysning, vegetasjon/planting, møblering og dekke.

Køyremønster

Køyretilkomst frå Wolffs gate blir som i dag. For å frigjere areal til mjuke trafikantar blir det føreslått å etablere eit internt ringvegsystem, der gatene i hovudsak har einvegskøyring. Desse gatene fordeler trafikken og gir tilkomst til andre gater. Dei interne gatene blir utforma som gatetun utan gjennomgangstrafikk, men det vil framleis vere mogleg å køyre inn for korte stopp. Desse gatene er markert med grønt på figur 3.



Figur 3: Forslag til nytt køyremønster.

Gatetun

Det blir foreslått eit samanhengande nett av gatetun som gir mjuke trafikantar prioritet. Eksisterande gatetun og sambruksgater blir vidareført. I gatetun har køyrande vikeplikt for gåande, og parkering er forbode med unntak av særskilte plassar for forflyttingshemma. Gatetuna skal utformast utan nivåforskjellar eller oppdeling av køyrebane og fortau. Vidare skal gatetun og sambruksgater bli møblert med plantar, sittemøblar og liknande.

I fase 1 av prosjektet blei det etablert eit nytt sambruksområde i øverste del av Zettlitz gate og delar av Welhavens gate utanfor nabolagskafèen Nobel Bopel. Frå før er òg delar av Welhavens gate, Zettlitz gate og Konsul Børs gate tilrettelagt som sambruksgater/gatetun.

Tilrettelegging for sykkel

Det er lagt til grunn at strekninga mellom Wolffs gate og Olaf Ryes vei vil vere ei viktig strekning for gåande og syklande mellom Solheimsviken og sentrum slik som i dag. Museumstrikken som går på strekninga avgrensar alternativer for sykkeltilrettelegging på denne strekninga. Anbefalt sykkelveg i den øverste delen av Olaf Ryes vei som i dag er stengt for trafikk, blir vidareført. Dette blir gjennomført i eige prosjekt med byggstart i 2023. Vidare nedover Wolffs gate er det anbefalt sykling i blanda trafikk. Unntaket er rundt den krappe svingen ved Hulen der det er dårleg sikt. Her er det anbefalt å etablere sykkelfelt.

Bildeling

Det blir anbefalt å auke dagens bildelingsplassar frå 16 til 30 plassar. Dagens mobilpunkt blir utvida med ein til to bilar kvar. I tillegg er det føreslått nytt mobilpunkt i Ole Vigs gate.

Parkering

Forslaget viser at det er plass til 144 gateparkeringsplassar til fordeling på dei ulike parkeringsfunksjonane. 12 av dagens parkeringsplassar for forflyttingshemma kjem i tillegg. For å erstatte nokre av dei gateparkeringsplassane som forsvinn er det føreslått å etablere bebuarparkering under Puddefjordsbroen, og det er gjennomført ei moglegheitsstudie for dette i samband med prosjektet for gatebruksplanen.

Kopling mot Arealstrategi for Dokken 2050

I samsvar med Arealstrategi for Dokken 2050 er det føreslått følgjande koplingar mellom Møhlenpris og Dokken:

- Stubs gate.
- Zetlitz gate.
- Kopling under Puddefjordsbroen (Konsul Børs gate – O.J. Broch gate).

Anbefalt vedtak:

PBE anbefalar følgjande vedtak:

«Forslag til gatebruksplan for Møhlenpris, som vist på illustrasjonsplan datert 16.12.2022, legges ut på høring og offentlig ettersyn»

For meir detaljerte opplysningar om forslaget til gatebruksplan og PBE sine vurderingar, blir det vist til forslaget til gatebruksplan, fagnotatet og resten av dei vedlagte saksdokumenta.

Økonomiske konsekvensar:

Saka har ingen direkte økonomiske konsekvensar.

Byråden si vurdering og anbefaling/konklusjon:

Byråden vurderer at forslaget til gatebruksplan for Møhlenpris bidrar til å oppnå mange overordna mål, mellom anna mål om gåbyen Bergen i Kommuneplanens samfunnsdel (KPS) og Gåstrategi for Bergen, og overordna nasjonale og lokale mål om nullvekst i personbiltrafikken. I byrådet sin politiske plattform går det vidare fram at byrådet vil jobbe for eit mest mogleg bilfritt Bergen sentrum, og opprette bilfrie soner i alle bydelar, mellom anna på Møhlenpris. Forslaget til gatebruksplan legg til rette for å frigjere verdifullt areal som i dag blir nytta til bilparkering for å skape gode byrom og møteplassar og for å gi betre forhold for gåande og syklande. Det vil redusere biltrafikken og bidra til å skape ein meir levande og attraktiv by.

På Møhlenpris er delar av gatebruksplanen allereie gjennomført i samband med Graveklubben-prosjekt, og forslaget til gatebruksplan byggjer på og vidareutviklar desse tiltaka. Møhlenpris er eit nabolag med gode kvalitetar i dag, og eit bustadområde som er eit

kulturmiljø med nasjonal interesse. Byråden ser det som positivt at gatebruksplanen vil bidra til å styrke kvalitetane i nabolaget, og bidra mål i Byrådet sin politiske plattform om å jobbe for etablering av gode nabolag som er skjerma for støy og forureining, med gode felles uteareal for alle.

Byråden vurderer at forslaget til gatebruksplan vil vere eit fleksibelt verktøy for framtidig utforming av gater og byrom på Møhlenpris. Den vil gi prinsipielle avklaringar for arealbruken, samstundes som den er fleksibel ved at den kan tilpassast gjennom detaljprosjektering ved behov. Byråden vurderer at det forslaget til gatebruksplan som er lagt fram er eit godt grunnlag for vidare diskusjon i høyringsprosessen, og sluttar seg i all hovudsak til forslaget. Byråden vil likevel i det følgjande kommentere nokre punkt.

Bilparkering

I dag er det det 347 parkeringsplassar på Møhlenpris (inkludert Møhlenpris bebuaranlegg), og det er gitt om lag 240 parkeringsløyve i bustadsona. Forslaget til gatebruksplan legg opp til 144 parkeringsplassar fordelt på dei ulike parkeringsfunksjonane i tillegg til 12 av dagens HC-parkeringsplassar. Forslaget til gatebruksplan legg opp til ein kraftig reduksjon av parkeringsplassar ved at areal som i dag er nytta til avgiftsparkering og bustadsoneparkering i framtida skal nyttast til andre føremål. I tillegg til konsekvensar for talet på parkeringsplassar, vil det kunne få konsekvensar for kommunen sine inntekter frå bustadsoneparkeringa.

Byråden er positiv til at talet på parkeringsplassar blir redusert, og at areal blir frigjort for å skape nye byrom, gi tryggare forhold for mjuke trafikantar og vidareutvikle dei gode nabolaga på Møhlenpris. Det er i tråd med overordna mål, jf. over. Vidare vil byråden vise til at reduksjonen i parkeringsplassar skal skje gradvis over tid gjennom ei trinnvis utvikling. Gatebruksplanen legg opp til etablering av fleire parkeringsplassar for bildeling og HC-parkering, slik at dei som treng det kan nytte bil. Byråden viser òg til at det i samband med arbeidet med gatebruksplan for Møhlenpris er gjennomført ei moglegheitsstudie for bebuarparkering under Puddefjordsbroen, som skal kunne erstatte nokre av gateparkeringsplassane. Byråden er positiv til det, og viser til at det må jobbast vidare med å vurdere løysingar her.

Moglegheitsstudia opnar for at tilkomst til bebuarparkeringa kan vere både frå O.J. Brochs gate mot Dokken og frå Møhlenpris. Tilkomst frå Møhlenpris vil gi ei auke i gjennomstrømming av bilar i området. Det er etter byråden sitt syn ikkje ønskjeleg, sett i lys av føremålet med gatebruksplanen. Tilkomst via O.J. Brochs gate vil ikkje gjere det nødvendig å køyre gjennom Møhlenpris, og gir i tillegg kortast køyrerute til Rv. 555 og hovudgatenettet. Byråden ber derfor om at tilkomst via Møhlenpris blir søkt unngått i det vidare arbeidet med å vurdere løysingar for ein mogleg bebuarparkering under Puddefjordsbroen.

Mellombels bruk av areal

Sjølv om mange av tiltaka som forslaget til gatebruksplan legg opp til allereie er gjennomført, vil mange av tiltaka som står att bli gjennomført over lengre tid. Byråden vil be om at PBE og BME vurderer om det kan gjennomførast mellombelse pilotprosjekt for å skape levande gater i området i påvente av at dei blir gjort om til gatetun i tråd med gatebruksplanen. I slike pilotar kan nærmiljøet bli invitert inn til å delta aktivt i den mellombelse programmeringa av gatene. Slike prosjekt treng ikkje å vere særleg kostnadskrevjande. På den andre sida kan det bli hausta verdifulle erfaringar med tanke på korleis den endelege utforminga blir, i tillegg til at nærmiljøet får eit sterkt eigarskap til nabolaget sitt.

Konklusjon

Med dei merknadene som er gitt over sluttar byråden seg til forslaget til gatebruksplan og anbefaler at det blir lagt ut til høyring og offentleg ettersyn. Byråden vurderer at forslaget er

eit godt grunnlag for det videre arbeidet med gatebruksplanen og for å vidareutvikle Møhlenpris til ein attraktiv og levande del av byen. Byråden ser positivt på dei gode medverknadsprosessane som har blitt gjennomført så langt i planprosessen. I høyringsperioden må det òg leggest til rette for god medverknad, slik at forslaget kan vidareutviklast med best mogleg kvalitet og forankring fram mot sluttbehandling.

Vedtakskompetanse:

Det går fram av byrådets fullmakter § 18, vedtatt av bystyret 16.12.2020 i sak 378/20, at byrådet har fullmakter til å utøve mynde med utgangspunkt i plan- og bygningslova og anna relevant lovverk innafor fagområda klima, miljø, byggesak og byutvikling.

Byråd for klima, miljø og byutvikling innstiller til byrådet å fatte følgende vedtak:

Forslag til gatebruksplan for Møhlenpris, som vist på illustrasjonsplan datert 16.12.2022, blir sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

Dato: 8. august 2023

Ingrid Nergaard Fjeldstad
Byråd for klima, miljø og byutvikling

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Vedlegg:

Fagnotat datert 29.06.2023, med følgjande vedlegg:

1. Illustrasjonsplan vist med eksisterende situasjon (LB001), datert 16.12.2022
2. Illustrasjonsplan uten eksisterende situasjon (LB002), datert 16.12.2022
3. Gatebruksplanbeskrivelse datert 17.01.2023
4. VA-rammeplan, datert 16.12.2022
5. Prinsippsnitt (LS001), datert 02.09.2022
6. Prinsippsnitt med materialkvaliteter (LS002), datert 16.12.2022
7. Etappevis utbygging og mindre tiltak (LB004), datert 10.01.2023
8. Perspektiv Alternativ 1, datert 16.12.2022
9. Perspektiv Alternativ 2, datert 16.12.2022
10. Mobilitets- og gatebruksanalyserapport, datert 10.01.2023
11. Kulturmiljørappport, datert 10.01.2023
12. Medvirkningsrapport, datert 10.01.2023
13. Prinsippetegning av fremtidig arealbruk (TB001), datert 02.09.2022
14. Prinsippsnitt av fremtidig situasjon (LS001), datert 02.09.2022
15. Tilgjengelighetsregistrering (LB003), datert 16.12.2022
16. Vegetasjonsregistrering (LS001), datert 16.12.2022
17. Mulighetsstudierapport Areal under Puddefjordsbroen, datert 16.12.2022
18. Alternativ 1 – Plantegning av areal under Puddefjordsbroen (C001-1), datert 16.12.2022
19. Alternativ 1 – Målsatt plantegning av areal under Puddefjordsbroen (C001-1), 16.12.2022
20. Alternativ 2 – Plantegning av areal under Puddefjordsbroen (C001-2), datert 16.12.2022
21. Alternativ 3 – Plantegning av areal under Puddefjordsbroen (C001-3), datert 16.12.2022
22. Lengdeprofil GS-veg – Alternativ 1 og 2 (D001-1), datert 16.12.2022
23. Lengdeprofil GS-veg – Alternativ 3 (D001-3), datert 16.12.2022
24. Lengdeprofil adkomstveger fra Møhlenpris (E001-1), datert 16.12.2022
25. Eksisterende VA-nett (H001), datert 25.10.2022
26. Eksisterende kabler og linjer (I001), datert 25.10.2022